

GULENSKYSS AS
Eivindvikvegen 1092
5966 EIVINDVIKDato: 10.04.2018
Vår ref.: 2018/10140-3
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.:

Søknad om ruteløyve - sakshandsamingsgebyr og garantibehov

Vi viser til dykkar søknad om ruteløyve for strekninga Bergen – Fedje – Hellesøy. Vedlagt følgjer faktura for sakshandsamingsgebyr pålydande kr 3 400. Vi legg opp til å leggje søknaden fram for handsaming i fylkesutvalet i første moglege møte, 31. mai d.å. De vil få melding om vedtaket når protokollen frå møtet ligg føre.

Vi har dags dato motteke løyvegarantiar pålydande til saman kr 163 000. Garantisummen er i 2018 kr 84 000 for eitt fartøy i drift og kr 47 000 for kvart ekstra fartøy. De har i dag 3 fartøy i drift etter avtale med Skyss. **Dette inneber at de snarast må høge gjeldande garanti med kr 15 000 til kr 178 000. Dersom de skal nytte eitt eller fleire ekstra fartøy ved eventuell drift av omsøkte rute, må garantien høgast med kr 47 000 per fartøy innan rutedrifta kan ta til.**

Rolf Rosenlund
seksjonsleiarTor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.